

LOVNORM FOR IDRETTSRÅD

Vedteken av Idrettsstyret 22. oktober 2015

| Rettleiing til lovnorm for idrettsråd | Nynorsk |
|---------------------------------------|---|
| | <p>Idrettsrådet skal ha ei lov som er i samsvar med NIF lova og denne lovnorma. Lovnorma er ufråvikeleg og inneholder eit minimum av det idrettsrådet må ha i si eiga lov.</p> |
| | <p>Alle lovendringar må vedtakast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore ført opp på saklista og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene. Lovendringane må sendast til idrettskrinsen for godkjenning.</p> |
| | <p>Fotnotane i lovnorma er berre til informasjon, og utgjer ikkje ein del av lova. Det er valfritt å ta med fotnotane i eiga lov.</p> |
| | <p>NIF sitt regelverk er tilgjengeleg på www.idrettsforbundet.no</p> |

LOV FOR KVINNHERAD IDRETTSRÅD

Vedteken av årsmøtet [dato], og godkjend av Hordaland idrettskrins 10.09.2015.

I. INNLEIANDE REGLAR

§ 1 Formål

- (1) Idrettsrådet skal arbeide for best moglege vilkår for idretten i Kvinnherad kommune.¹ Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og dei kommunale styresmakter og mellom laga og idrettskrinsen.
- (2) Arbeidet skal pregast av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegheit.

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i kommunen som er organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) gjennom idrettskrinsen. Idrettslag i Kvinnherad kommune med medlemskap i NIF vert automatisk medlem av idrettsrådet.
- (2) Bedriftsidretten si tilknyting til idrettsrådet vert fastsett på idrettsrådet sitt årsmøte, jf. § 13 (1) bokstav c).
- (3) Idrettsrådet skal følgje NIF og tilslutta organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak. NIF si lov gjeld for idrettsrådet uavhengig av kva som måtte stå i idrettsrådet si eiga lov.

§ 3 Oppgåver²

- (1) Idrettsrådet skal:

¹ Med dispensasjon frå Idrettsstyret kan det oppretta felles idrettsråd for to eller fleire kommunar.

² Lista over idrettsrådet sine arbeidsoppgåver er minimum av kva idrettsrådet si lov skal innehalde. I tillegg kan andre oppgåver også leggjast til idrettsrådet.

- a) styrke idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet,
 - b) foreta prioriteringar på vegne av idrettslaga,
 - c) dokumentere og synleggjere idretten sitt lokale omfang og utvikle lokale idrettspolitiske handlingsprogram, og
 - d) vere ein møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom offentleg og frivillig virke.
- (2) Idrettsrådet skal vere eit idrettspolitisk organisasjonsledd med oppgåver primært på lokalt nivå.
- (3) Alle saker som er av felles interesse for idretten skal sendast til kommunen gjennom idrettsrådet.

§ 4 Kontingent

- (1) Er kontingent innført, vert denne fastsett av årsmøtet i idrettsrådet for det påfølgjande kalenderåret.
- (2) Idrettslag som skuldar kontingent for meir enn eitt år, har ikkje tale- eller stemmerett på årsmøtet i idrettsrådet.

II. TILLITSVALTE OG TILSETTE

§ 5 Kjønnsfordeling

- (1) Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komite mv. og ved representasjon til årsmøte/ting, skal begge kjønn være representert. Samansetjinga skal samsvare i høve til kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at ved val/oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Reglane gjeld også der det vert valt meir enn eitt varamedlem. Representant for dei tilsette tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.
- (2) Ved val/oppnemning til styre, råd, utval/komite mv. i strid med reglane, skal styret innan ein månad etter årsmøtet/tinget sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte/ting der nytt val skal gjennomførast. Eksisterande medlemmar i det aktuelle styret, komitéen mv. vert sitjande til nytt styre, komité mv. er valt/oppnemnt.
- (3) Ved representasjon må den delegasjon som faktisk møter vere i tråd med reglane, om ikkje tapar organisasjonsleddet det tal representantar som manglar for å oppfylle regelen.
- (4) Idrettskrinsen kan pålegge organisasjonsledd å oppfylle regelen, og å kalle inn til nytt årsmøte/ting eller foreta ny oppnemning.

- (5) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon i forkant. Søknad om dispensasjon må vere sendt til idrettskrinsen innan 14 dagar etter årsmøtet. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.

- (1) For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, vore medlem av eit idrettslag tilslutta idrettsrådet i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava, jf. NIF si lov §10-4. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller avgje stemme ved fullmakt.
- (2) Ein person kan ikkje samtidig inneha meir enn eitt av følgjande verv i idrettsrådet: medlem av styret, valkomité, kontrollkomité, revisor.
- (3) Forslagsrett:
- a) Eit organisasjonsledd med representasjonsrett har forslagsrett til årsmøte i idrettsrådet og deira representant(ar) har forslagsrett på årsmøtet i idrettsrådet.
 - b) Styret i idrettsrådet har forslagsrett til og på eige årsmøte.
 - c) Idrettsrådet har forslagsrett til idrettskrinsting, og deira representant(ar) har forslagsrett på idrettskrinsstinget.
 - d) Komité/utval med møterett, jf. § 14 (3), har forslagsrett til årsmøtet i saker som ligg innanfor komitéen/utvalet sitt arbeidsområde, og deira representant(ar) har forslagsrett på årsmøtet innanfor komitéen/utvalet sitt arbeidsområde.
- (4) Talerett:³
- a) Revisor har talerett på årsmøtet i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
 - b) Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på årsmøtet.

§ 7 Kven som kan veljast, og representasjonsrett for arbeidstakar og oppdragstakar

- (1) Ein arbeidstakar i eit organisasjonsledd kan ikkje veljast til styre, råd, utval/komite mv. i organisasjonsleddet eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing i organisasjonsleddet, pliktar å gå ut av tillitsvervet og går inn att i stillinga når tilsetjingstilhøvet er avslutta.
- (2) Ein arbeidstakar i eit organisasjonsledd kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Ein arbeidstakar i organisasjonsleddet kan heller ikkje veljast eller oppnemnast i det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Regelen vert brukt tilsvarande på ein person som har oppdragsavtale som kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve.
- (4) Regelen er ikkje til hinder for at organisasjonsleddet gjev dei tilsette rett til å peike ut tilsettrepresentant(ar) til organisasjonsleddet sitt styre.

³ Årsmøtet kan også gje talerett til andre personar.

- (5) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med reglane vert ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (6) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon før valet. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 8 Representasjonsrett og vilkår for val for andre personar med tilknyting til idrettsrådet

- (1) Ein person som har ein avtale med det organisasjonsledd som gjev vedkomande økonomisk interesse i drift av organisasjonsleddet, kan ikkje veljast til styre, råd, utval/komité innan organisasjonsleddet eller overordna ledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett, eller aksjonær med vesentleg innverknad i ein juridisk person som har ein slik avtale som nemnt i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av organisasjonsleddet. Tillitsvalt som får en slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar å gå ut av tillitsvervet og går inn att i stillinga når tilsetjingstilhøvet er avslutta.
- (2) Ein person som i følgje første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som har ei tilsvarende tilknyting til det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med reglane vert ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (4) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon frå regelen. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon før valet. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 9 Inabilitet

- (1) Ein tillitsvalt, oppnemnd representant eller tilsett i idrettsrådet er inhabil til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjarda:
 - a) når vedkomande sjølv er part i saka,
 - b) når vedkomande er i slekt eller svøgerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken,
 - c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
 - d) når vedkomande leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.
- (2) Sameleis er vedkomande inhabil når andre særeigne tilhøve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerala i saka kan gje særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknyting til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.
- (3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i idrettsrådet.

- (4) Inabilitetsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalte, oppnemnte representanten eller tilsette si tilknyting til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.
- (5) Med part er det her meint ein person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.
- (6) I styre, komitéar og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Dersom det i ei og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire medlemar, kan ingen av dei delta ved avgjerda av sin eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnte tilfelle skal alle møtande medlemar delta. Medlemen skal i god tid seie frå om tilhøve som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, kallast inn til å møte og delta i avgjerda, dersom det kan gjerast utan vesentleg bruk av ekstra tid eller kostnad.
- (7) Ved andre høve tek vedkomande sjølv avgjerda om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan gjerast utan vesentleg ekstra bruk av tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv legge fram spørsmål for sin nærmeste overordna til avgjerd.

§ 10 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll

- (1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitéar og utval i idrettsrådet vedtaksføre når eit fleirtal av medlemane er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.
- (2) Vedtak kan fattast ved skriftleg sakshandsaming⁴ eller ved fjernmøte⁵. Ved skriftleg sakshandsaming skal kopiar av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemar med framlegg til vedtak. Gyldig vedtak krev at fleirtalet av medlemane gjer sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høyre og kommunisere med kvarandre.
- (3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

§ 11 Refusjon av utgifter til tillitsvalte. Godtgjersle

- (1) Tillitsvalt kan ta imot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, som vedkomande får i høve utføring av vervet.
- (2) Tillitsvalt kan ta imot ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.
- (3) Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal gå klart fram av vedtekne budsjett og rekneskap.

⁴ Til dømes møte per e-post.

⁵ Til dømes møte per telefon/videokonferanse.

III. ØKONOMI

§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

- (1) Idrettsrådet er rekneskaps- og revisjonspliktig. Rekneskapsåret skal følgje kalenderåret.⁶
- (2) Idrettsråd med ein årleg omsetnad på mindre enn kr 5 millionar, skal følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar, men kan, etter vedtak av styret, velje å følgje rekneskapslova. Idrettsråd med ein årlig omsetnad på kr 5 millionar eller meir, skal følgje rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid tilsetje statsautorisert/registrert revisor uavhengig av kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har tilsett revisor skal velje ein kontrollkomité med minst to medlemar. Kontrollkomitéen sine oppgåver følgjer av NIF si lov § 2-12.
- (3) Bankkonti skal vere knytt til idrettsrådet og skal disponerast av to personer i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.
- (4) På årsmøtet skal det fastsetjast eit budsjett som inneholder alle hovudpostar i resultatrekneskapet. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekka av positiv eigenkapital. Det vedtekne budsjettet bør kome fram i ei eiga kolonne når årsregneskapet vert lagt fram.
- (5) Årsrekneskap og årsmelding skal underskrivast av alle styremedlemene. Om det er tilsett dagleg leiar skal også vedkomande signere.
- (6) Idrettsrådet kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien har sikring med trygg pant eller annan fullgod sikring. Sikring for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret.
- (7) Disposisjonar, også låneopptak, av ekstraordinær karakter eller betydeleg omfang i høve til idrettsrådet sin storleik og verksemd, kan berre vedtakast av årsmøtet.

IV. ÅRSMØTE, STYRE, UTVAL MV.

§ 13 Årsmøtet

- (1) Årsmøtet er idrettsrådet sitt høgste organ og skal haldast kvart år i innan utgangen av juni månad.
- (2) Styret kallar inn til årsmøte med minst ein månad på førehand direkte til dei idrettslaga som har representasjonsrett, og skal sendast idrettskrinsen til orientering. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på idrettsrådet si internettleide eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, må

⁶ Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gi dispensasjon til å nytte avvikande rekneskapsår.

vere sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med framlegg til årsmøtet må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.

- (3) Ved innkalling i strid med regelen avgjer årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om årsmøtet er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.
 - (4) Årsmøtet er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.
 - (5) På årsmøtet kan det ikkje handsamast framlegg om endring i lov og reglar som ikkje er ført opp på den saklista som er gjort tilgjengeleg eller sendt ut. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett vedtek det ved godkjenning av saklista.

§ 14 Representasjon på årsmøtet

- (1) På årsmøtet i idrettsrådet møter med stemmerett:

 - a) Idrettsrådet sitt styre.
 - b) Inntil fem representantar frå idrettslag etter skala fastsett av årsmøtet.
 - c) Representantar for bedriftsidretten etter skala fastsett av årsmøtet.

(2) Representantar må vere valt på årsmøte i idrettslaget eller oppnemnd av styret etter fullmakt.

(3) Vidare møter utan stemmerett:

 - a) Leiarar i dei faglege utval/komit  ar, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er forhindra fr  r   r m  te.
 - b) Kontrollkomit  en sine medlemar.
 - c) Valkomit  en sine medlemar.
 - d) Revisor.

§ 15 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av valt dirigent. Dirigent eller valt referent treng ikkje vere valt/oppnemt representant. Det kan veljast fleire dirigentar og referantar.

§ 16 Årsmøtet sine oppgåver

- (1) Årsmøtet skal:

 1. Godkjenne dei frammøtte representantane.
 2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane.
 3. Velje dirigent, referent, og to representantar til å skrive under protokollen.
 4. Handsame årsmeldinga.
 5. Handsame idrettsrådet sin rekneskap i revidert stand.
 6. Handsame framlegg til arbeidsprogram. Drøfte og prioritere planar for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling.
 7. Handsame forslag og saker.
 8. Vedta budsjett.

9. Gjere følgjande val:⁷
- Leiar og nestleiar.
 - 5 styremedlemar og 2 varamedlemar.⁸
 - To revisorar.⁹
 - Representantar til idrettskrinstinget, eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.
 - Valkomité med leiar, to medlemar og eitt varamedlem.

Leiar og nestleiar veljast enkeltvis. Dei andre medlemane til styret veljast samla. Deretter skal varamedlemane veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjort i høve til stemmetal.

- (2) Bedriftsidrettslaga i idrettsrådet vel eit styremedlem med varamedlem, som trer inn i styret i idrettsrådet.¹⁰

§ 17 Stemmegjeving på årsmøtet

- Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med alminneleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal rekna som ikkje avgjevne.
- Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal rekna som ikkje avgjevne.
- Når eit val vert halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har oppnådd flest stemmer. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekking.
- Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valt. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlem. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er det berre dei som har fått meir enn halvparten av stemmene valde. Det vert så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekking.

⁷ Dette er eit minimum av dei tillitsvalte som skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan i tillegg velje andre tillitsvalte det er behov for.

⁸ Tal styremedlemar vert fastsett når lova vert vedteken, minimum eitt styremedlem og eitt varamedlem. Styremedlemane kan veljas til spesifikke oppgåver.

⁹ Idrettsråd med årleg omsetnad på meir enn kr 5 millionar pliktar å ha tilsett revisor, jf. NIF si lov § 2-11, og må ta inn følgjande som nytt pkt. 9: "Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettsrådet sitt rekneskap." Pkt. 9 flyttast til nytt pkt. 10 og bokstav c) endras til "Kontrollkomité med minst to medlemar."

¹⁰ Bedriftsidretten lagar eigne rutinar for val av styremedlem og varamedlem og melder dette til idrettsrådet sitt styre/årsmøte.

§ 18 Ekstraordinært årsmøte i idrettsrådet

- (1) Ekstraordinært årsmøte i idrettsrådet vert kalla inn av idrettsrådet sitt styre minst 14 dagar på førehand etter:
 - a) Vedtak av styret i idrettsrådet.
 - b) Vedtak på årsmøtet i idrettsrådet.
 - c) Vedtak av styre eller ting i overordna organisasjonsledd.
 - d) Skriftleg krav frå 1/3 av idrettslaga som har representasjonsrett i idrettsrådet.
- (2) Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn direkte til laga med representasjonsrett. Saklista og andre nødvendige dokument skal følgje innkallinga eller vere gjort tilgjengeleg på idrettsrådet si internetside eller på annan forsvarleg måte. I sistnemnte tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på annan måte, og dokumenta skal vere gjort tilgjengeleg på innkallingstidspunktet.
- (3) Eit ekstraordinært årsmøte er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.
- (4) Ekstraordinært årsmøte i idrettsrådet skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.
- (5) Ved innkalling i strid med reglane, avgjer det ekstraordinære årsmøtet under godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om det ekstraordinære årsmøtet er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan handsamast.

§ 19 Idrettsrådet sitt styre

- (1) Idrettsrådet vert leia og forplikta av styret som er idrettsrådet sitt høgste organ mellom årsmøta.
- (2) Styret skal :
 - a) Setje i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sine vedtak og avgjerder,
 - b) syte for administrasjon av idrettsrådet, og representere idrettsrådet utetter,
 - c) arbeide med saker som er nemnt i § 4,
 - d) oppnemne utval/komitear etter behov og utarbeide mandat/instruks for desse,
 - e) gje uttale til idrettskrinsen ved opptak av nye idrettslag i NIF,
 - f) sjå til at idrettsrådet sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er gjort på årsmøtet eller av overordna organisasjonsledd, sørge for at idrettsrådet har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har ei forsvarleg økonomistyring.
- (3) Styret skal halde møter når leiar bestemmer det eller minst to av styremedlemene krev det.

§ 20 Valkomit 

Valkomit  skal veljast p  fritt grunnlag, etter innstilling fr  styret, og skal legge frem innstilling p  kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast p  årsmøtet. Medlem av valkomit en som sj lv vert kandidat til verv, pliktar   tre ut av valkomit en.

V. ANDRE REGLAR

§ 21 Lovendring

- (1) Lovendring kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte i idrettsrådet etter å ha vore ført på saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.
- (2) Lovendringar som følgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av idrettsrådet sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjende av idrettskrinsen. Godkjenninga er avgrensa til dei reglane som NIF si lov omfattar.
- (3) I samband med godkjenninga kan idrettskrinsen påleggje nødvendig endring for å unngå motstrid med NIF sitt regelverk.
- (4) Endringar i §§ 21 og 22 kan ikkje vedtakast av idrettsrådet sjølv med mindre endringane følgjer av NIF sitt regelverk eller lovnorm.

§ 22 Oppløysing

Idrettsrådet kan berre oppløysast av idrettskrinsen. Ved oppløysning eller anna opphør av idrettsrådet, går idrettsrådet sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av idrettskrinsen.